Statens vegvesen

LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 19/187631-3 | | 03.09.2019 |

## Uttale - Dispensasjon - Frådeling - Fv. 57 - Gnr. 126 bnr. 3 - Lindås kommune

Statens vegvesen viser til brev mottatt 10.07.2019, der Lindås kommune bad om uttale til søknad om frådeling av grunneigedom gnr. 126 bnr. 3.

Vi sendte vårt svar 31.07.2019. Ved ein feil er vår uttale sendt direkte til kommunen sin sakshandsamar. Vi sender difor vår uttale på ny, slik at den kan følgje saka til kommunen.

Vi vil presisere at det er eit pågåande planarbeid for framføring av gang- og sykkelveg på strekninga, *Fv. 57 - Gang - og sykkelveg. Lindås tettstad - Mongstad*. Vi kan ikkje akseptere tiltak som er i konflikt med dette planarbeidet. Det er også eit krav at avkøyrsle frå offentleg veg skal vere godkjent før det vert gjeve løyve til frådeling jf. plan og bygningslova § 27-4. Søkjar har ikkje har opplyst kor det er tenkt avkøyrsle til offentleg veg for parsellane. Vi har heller ikkje mottatt ein slik søknad.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeleiar

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg: Uttale til Lindås kommune